

An aerial photograph of a small town in Norway, nestled in a valley. A river flows through the center of the town. To the left of the river is a large green sports field with a red baseball diamond. To the right is a green soccer field. The town consists of several buildings, including a large white building with a flat roof and several smaller houses with red roofs. There are parking lots with cars. The background is a dense forest of evergreen trees.

Sterkare felleskap

Program for Ål Arbeiderparti 2019–2023



Arbeiderpartiet

Program for Ål Arbeiderparti 2019-2023

Sjølvtendige og trygge enkeltmenneske legg grunnlaget for eit raust lokalsamfunn og fellesskap. Den enkelte innbyggjar er viktig for Ål-samfunnet, og me treng alle som vil leva liva sine her. Me vil satse spesielt for at yngre menneske og barnefamiliar vel å etablere seg i kommunen vår.

Hovudoppgåva til politikarane er å leggje til rette for vekst og utvikling. Difor er næringsareal og bustadtomter ein prioritet. Me vil ha flest mogleg ut i meningsfull aktivitet og arbeid, og styrke breidda i arbeidslivet. Me vil støtte opp om både etablerte og nye næringar.

Me vil at endå fleire skal forstå kva som gjer Ål eineståande; ein god oppvekst som gjer dei unge sjølvtendige, trygge og rause, eit samfunn som fangar opp den som treng det, og ein trygg og meningsfull alderdom. Alle som bur her må få tilgang til det mangfaldige fritidstilbodet me har, og til gode kultur- og naturopplevingar.

ÅL ARBEIDERPARTI VIL:

- Stimulere til vekst i næringslivet.
- Vidareutvikle dei kommunale tenestene.
- Støtte tiltak som skaper bu- og bli-lyst.
- Møte framtida med klimavenlege tiltak.
- Samarbeide med innbyggjarane.

Ordførarkandidaten har ordet:

Kommunestyret har gjennomført mange framtidsretta tiltak og kome fram til gode løysingar i Ål kommune. Dette har vore krevjande, men er svært meningsfullt, lærerikt og gjevande. Difor vil eg veldig gjerne fortsetja som ordførar!

Eg har stor tru på samarbeid, både på tvers av partipolitiske skillelinjer, på tvers av offentleg og privat verksemd og med all frivillig innsats. Bygger me fellesskap i lag, skaper me optimisme og framtidstru. Ål Arbeiderparti vil vera med å ta ansvar. Vekst og gode verdiar skaper framtida!

Godt val!

**«Bygger me fellesskap i lag,
skaper me optimisme
og framtidstru.»**

– SOLVEIG VESTENFOR



Våre kandidatar



1 Solveig Vestenfor
kum. 1973



2 Tore Bøygard
kum. 1952



3 Hedvig Johanne Rud
1970



13 Line Marie Frantzen
1973



14 Olaf Buseth
1965



15 Anne Jorunn Holth
1971



4 Dagfinn Bøygard
1966



5 Lene Prestegard
1981



6 Jan Egil Grue
1970



16 Terje Asgrimplass
1963



17 Gry Løkstad
1962



18 Aslak Bøygard
1990



7 Ingeborg Kaslegard
Frydenlund –
1974



8 Henrik Schjørlien
Haugestøl
1978



9 Helga M. Hellene Anfinssen
1951



19 Jan Nilsen
1941



20 Sverre Frydenlund
1972



21 Eirik Nestegard
1989



10 Egil Skrindo Nilsen
1955



11 Lirigzona Berisha
1998



12 Bernt Ivar Hjelmsø
1979



22 Audun Flaget Aasen
1965



23 Øyvind Nestegard
1995



24 Borgar Gjeitsund
1982

Arbeid:

A) NÆRING

- Vera ein støttespelar, rådgjevar og samarbeidspartnar for næringslivet.
- Tilrettelegge for fleire næringstomter og varierte bustadtomter.
- Styrke eksisterande og legge til rette for nye næringar.
- Halde god dialog og lytte til dei som har skoa på.
- Handle mest mogleg lokalt ved innkjøp.



B) LANDBRUK

- Styrke eksisterande og aktive bruk.
- Støtte stølsdrift.
- Støtte utmarksbeite og tiltak for eit aktivt kulturlandskap.
- Arbeide for beitenæringa sine rettar i Nordfjella.

C) I ROLLA SOM ARBEIDSGJEVAR

- Jobbe aktivt med rekruttering.
- Halde fram tilbod om etterutdanning og kompetanse.
- Arbeidstrening og språkpraksis.
- Rause arbeidsplassar – fleire raskt ut i arbeid.
- Fleire lærlingar.
- Arbeide for heiltidskultur.
- Redusere behovet for vikarbyrå.
- Motverke sosial dumping.
- Samarbeide med fagrørsla.
- Sommarjobb for ungdom.
- Halde fram med nynorsk som målform.





Oppvekst:

- 50% søskenmoderasjon frå barn nr.2 i barnehage og SFO.
- Miljøterapeutar i skulen.
- Tolærarfunksjon i basisfag ungdomsskulen.
- Styrke fagleg utbyte og lærelyst for alle.
- Støtte tiltak som fremjar hallingmålet.
- Sikre eit breitt og inkluderande tilbod i kulturskulen.
- Vidareføre leirskule Knattholmen og fredsreiser til Polen og Tyskland.
- Vidareføre frukt i skulen.
- IKT

Kultur, idrett og frivillig sektor:

- Vidareutvikle Ål kulturhus.
- Ål vil framleis ta rolla som ein av landets leiande kulturkommunar.
- Betre vilkår for all frivillig aktivitet.
- «Alle med» - tilbod om minst eitt fritidstilbod til alle barn i Ål.
- Ha eit godt samarbeid med Ål frivilligsentral, HallUng,

Ål utvikling, lag og organisasjonar, arrangørar, næringsliv, innbyggjarar og hyttefolk.

- Auke kulturtilskot til frivillige lag og organisasjonar.
- Auke anleggsbidrag.
- Styrke arrangementsfond.
- Møteplassar mellom generasjonar, t.d. besøksteneste.
- Rusfrie tilbod for ungdom.

Kyrkja:

- Sikre ein forutsigbar økonomi for drift og vedlikehald av kyrkjer og kyrkjegardar.

Helse:

- Morgondagens helsetenester, velferdsteknologi.
- Styrke pleie og omsorgstenesta.
- Auke grunnbemanninga.
- Styrke interkommunal legevakt.
- Arbeide for likeverdige helsetenester gjennom Hallingdal sjukestugu og Hallinghelse.





Felles punkt for alle Arbeiderpartilaga i Hallingdal:

- Jobbe for å koordinere og styrke kollektivtilbudet opp mot yrkesliv, skule og fritid i Hallingdal.
- Nedkjempe ufrivillig deltid og bruk av bemanningsbyrå i kommunal sektor.
- Fiber til alle i Hallingdal.
- Auke beredskap i takt med sesongane i Hallingdal.
- Oppretthalde breidde i studietilbudet for vidaregåande skular i Hallingdal.

Kraft, klima og miljø:

- Ål kommune skal framleis eige og forvalte kraftressursane i Ål kraftverk.
- Ål kommune som Miljøfyrtårn.
- Klima og energiplan
- Stimulere til energieffektivisering og fleire typar fornybar energi.
- Arbeide for vern av Nordfjella og reetablering av villreinstamma.
- Bioavfall og resirkulering.
- Tilrettelegge for kollektivsatsing gjennom m.a. ei hente/bringeordning (bestillingsapp) «HentMeg i Hallingdal».
- Bergensbanen som pendlartog i Hallingdal og til byen.
- Ringeriksbanen
- Fortetting i eksisterande hyttefelt.
- Støtte lokal foredling av råvarer.



